

Tilpassing og organisering på strukturnivå

- **interkommunalt samarbeid**
- **bransjeretta samarbeid med den maritime næringa**
- **samarbeid mellom offentlege instansar på ulikt forvaltningsnivå**
- **prosjektmodell**

Ansvars - og rollefordeling i prosjektet:

Ullstein kommune:

- Vertskommune for prosjektet. Koordinere og legge til rette for god samhandling mellom kommunane. Bidra til god informasjonsflyt mellom kommunar, vidaregåande skule, praksisplassar og deltararar.
- Gjennomføre styrka opplæring i norsk, arbeidslivskunnskap, system- og kulturforståing.
- Delfinansiering av opplæringstilboden i samsvar med avtale med fylkeskommunen og tildeling frå IMDi.
- Finansiering og organisering av tilrettelegging på praksisplassane i tråd med tildeling frå IMDi
- Rapportere til IMDi og sørge for at ein gjennomfører prosjektet i samsvar med søknaden til IMDi.

Hareid, Sande, Volda og Ullstein kommune:

- Kartlegge og rekruttere deltararar og bistå ved innsøking i samarbeid med lokalt NAV-kontor
- Rettleiing og oppfølging av deltararar undervegs i programmet saman med lokalt NAV-kontor.
- Delfinansiering av opplæringstilboden i samsvar med denne avtalen.
- Saman med lokalt NAV-kontor bistå deltararane knytt til spørsmål om, livsopphald, PC, skyss med meir. Deltararar i introduksjonsprogrammet skal ha introduksjonsstønad, medan deltararar som er ferdig i introduksjonsprogrammet kan få støtte gjennom Statens Lånekasse og individuelt vurderast i høve til tiltakspengar gjennom NAV.

Maritim Forening for Søre Sunnmøre (MAFOSS):

- Legge til rette for praksisplassar til alle deltararane dei to skuleåra
- Så langt som råd er legge til rette for at alle deltararar som er kvalifiserte til det får gjennomføre opplæringsløpet – anten gjennom lærepass etter fullført skuleløp – eller gjennom å fortsette med praksisplass på VG3-nivå- slik at dei kan framstille seg til fagprøva
- Gjennomføre praktisk opplæring på VG1 og VG2 nivå i tett samarbeid med Herøy vgs.
- Oppfølging av praksisplassar og deltararar i praksis.

Møre og Romsdal fylkeskommune/ Herøy vgs.

- Inntak og godkjenning av deltakarar
- Delfinansiering av opplæringstilbodet
- Godkjenne lærekontrakt ved kursslutt
- Vidaregåande skule
- Utarbeiding av budsjett og plan for gjennomføring av opplæringa
- Bruke VIGO vaksen til inntak av deltakarar
- Gjennomføre opplæring etter læreplanane for vg1 i utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon og vg 2 i programområdet industrimekanikarfag (inkludert fellesfaga).
- Tilrettelegging av praksis i samarbeid med MAFOSS
- Tett oppfølging av praksis som del av faget YFF
- Læremiddel
- Undervisningslokale
- Rådgivingsteneste i samarbeid med NAV og kommune
- Legge til rette for å styrke ferdigheter i norsk i samarbeid med kommunal voksenopplæring

NAV Møre og Romsdal

- Delfinansiering av opplæringstilbodet
- Kontaktperson mot utdanningsavdelinga

NAV kontor Hareid, Ulstein, Sande

- Rekruttere og intervjuer motiverte deltakarar til opplæringa i samarbeid med arbeidsgivar/kommune
- Rettleiing innan NAV sitt ansvarsområde
- Finansiering: Vurdere levekostnader og tiltak for deltakarane i samarbeid med kommune. Introduksjonsstønad og flyktningestipend er utgangspunkt for levekostnadene ved kvalifisering av flyktningar. Stønadene frå NAV vert vurdert dersom ein ikkje har rett til dette, evt. i tillegg.
- Mentorstønad knytt til oppfølging i bedrift.


Prosjektleiar:

Det er svært mange aktørar med i prosjektet, og det har vore hensiktsmessig med ein prosjektleiar med koordineringsansvar. Det kan fort bli uoversikteleg med mange kontaktar på tvers av bransjer, etatar og fag. Ein ser at det også kan vere forvirrende for deltakarane sjølv å vere med i eit prosjekt av litt størrelse, og at det er styrkande med ein kontaktperson som har oversikt.

Ulstein kommune har tilsett prosjektleiar som delvis er tilsett i Ulstein Kommune, delvis i MAFOSS og som har som arbeidsoppgåver:

- organisert og rekruttert relevante bedrifter
- sørge for god informasjonsflyt, koordinere og legge til rette for god samhandling mellom aktørane
- følge opp praksisplassar og deltakarar og jobbe med framdrift i prosjektet.
- ha jamnleg kontakt med kommunene ved behov utanom dei faste rutinene
- lage gode rutiner for møtepunkt og infoskriv (ma samarbeidsmøter med lærarar, i prosjektgruppa etc)
- Undervise i systemforståing, språkstøtte og kultur (arbeidslivskunnskap)

Prosjektmødell:



Tilpassing, tid/ varighet på løpet:

Eit ordinært ungdomsløp er lagt opp med 2 år teori på skule, der elevane har nokre få korte (2-3 veker) praksisperioder i bedrift ila dei to åra. Så skriv elevane lærekontrakt med bedrifter og har 2 års lærertid før dei går opp til fagprøve våren år 4 av løpet.

Deltakarane i prosjektet er alle over 25 år og har vaksenrett til vidaregåande opplæring. Den retten inneber 3-åring utdanning, eller meir i yrkesfaglege løp som varer lengre. I dette prosjektet valde ein å forme modellen slik at løpet tilsaman tek 3 år, inkludert sisteåret som lærling i bedrift. Ein fletta praksis saman med teori dei første 2 åra, slik at deltakarane skulle ha ein god del praksiserfaring før dei starta på det siste året med lærlingekontrakt i bedrift. Det første året var lagt opp til 3 dagar teori og verkstadstrening på skule og 2 dagar med praksis ute i bedrift. År 2 var fordelinga omvendt, 2 dagar på skule og 3 dagar i praksis.

Tilpassing, modell m/ forklaring i grove punkt, henvisinger til underlev.

År 1	År 2	År 3
På skule 3 dagar pr veke <u>Programfag</u> Vg 1 Teknikk og industriell produksjon <u>Fellesfag</u> Matematikk Norsk	På skule 2 dagar pr veke <u>Programfag</u> Vg 2 Industri teknologi <u>Fellesfag</u> Engelsk Naturfag	Opplæring i bedrift 5 dagar pr veke (Lærlingordning)
Opplæring i bedrift 2 dagar pr veke	Opplæring i bedrift 3 dagar pr veke	
Særskilt tilrettelegging Forkurs, 2 veker Førebuing til praksis og oppfølging i bedrift Styrking av fagnorsk, arbeidslivskunnskap, system-og kulturforståing	Særskilt tilrettelegging Oppfølging i bedrift Førebuing til 3.året med ordinær lærlingpraksis Styrking av fagnorsk, arbeidslivskunnskap, system-og kulturforståing	Særskilt tilrettelegging Oppfølging i bedrift etter behov Fellessamling ½ dag i mnd. med arbeidslivskunnskap, system-og kulturforståing

Forkurs (*sjå leveranse 7 f1 og 7f2 for detaljar*)

- Førebuing til skule og bedriftsbesøk/ etterkvart praksis
- Studieteknikk og reglar for arbeidslivet (mtp praksis)
- Fellesmøte m/adm., faglærarar og prosjektleiar ved skulestart år 2 (*sjå lev. 7b*)

Førebuing og oppfølging i bedrift (*stort fokus igjennom heile perioden*)

- undervisingsøkter om norske bedrifter/ arbeid i industrien/ forventinger etc
- jamnlege besøk i bedriftene
- rutiner for besøk/ trekantsamtaler deltakar/bedrift/ prosjektleiing, undersøkelse i bedrift

Styrking av fagnorsk (*sjå leveranse 7e og 7g for detaljar+ leveranser i sluttrapport 2020*)

- samarbeid mellom norsk lærar/ programfaglærar (ma presentasjon av ulike verktøy)
- vokabularstøtte m/ ma quizlet, kahoot, bilde, uttaleøving, ulike lese/skriveøvinger

Undervising i arbeidslivskunnskap (*sjå leveranse 7e og 7g for detaljar+ leveranser i sluttrapport 2020, ma casemetodikk*)

- jobbintervju/ CV
- HMS
- Formelle og uformelle reglar i norsk arbeidsliv
- Høgtider/ sosiale tilstelninger på jobb

Undervising i system-og kulturforståing (*sjå leveranser 7e, 7g og 7i + leveranser i sluttrapport 2020, ma praksisfortellinger*)

- Kva type utfordringer kan ulike kulturelle uttrykk på arbeidsplassen medføre?
- Kjønnsroller
- Kommunikasjon på arbeidsplassen (*stort fokus igjennom heile perioden*)

Interaksjon med bedrifter i den maritime næringa:

Ein stor del av prosjektet har vore knytt til samarbeid med arbeidsgjevarar i den maritime næringa om praksisplassar og seinare læreplassar. MAFOSS er ei interesseforeining for den maritime industrien på søre Sunnmøre og skal fremje ei positiv og konkuransedyktig utvikling i verfts-og leverandørindustrien i regionen. Dei representerer ein bransje der ein i stor grad har bedrifter med fagleg relevans opp mot industrimekanikaryket.

Regionen består av ei rekke ulike segment innanfor industrien, og det krevst kompetanse og oversikt for å kunne rekruttere kurrante bedrifter som kan tilby praksisplassar. Med MAFOSS som aktør i prosjektet sikra ein den kunnskapen og det nettverket som skulle til for å skaffe desse plassane (utfordringar som oppstod etterkvart knytt til Covid 19, er omtalt i sjølve portalrapporten)

Mykje av tida hausten 2019 blei bruk til å besøke potensielle praksisbedrifter og presentere innhald, rammer og omfang av prosjektet. I løpet av januar 2020 var alle praksisavtalar underskrive, og deltakarane i prosjektet fekk starte opp i sine bedrifter.

Følgane ansvarspunkt var avtalt med dei ulike bedriftene (tatt frå den konkrete avtala som var underskrive av rektor på vegne av Fylkeskommune, deltakaransvarleg i bedrift og prosjektleiar.

Vi forventer at praksisplassen:

- Etter norsk lov skal forsikre deltakaren gjennom forsikringsordning på arbeidsplassen.
- Har ein tilsett som jobbar saman med deltakar (praksisrettleiar).
- Gir konkrete arbeidsoppgåver etterkvart som deltakaren lærer.
- Informerer alle tilsette (evnt. på avdelinga) om at dei har ein deltakar i praksis.
- Tar seg tid til å vise deltakar rundt, presenterer dei andre tilsette, fortel om HMS-standard, om rutiner på praksisplassen, pauser etc.
- Gir et realistisk bilde av kva som bli forventa av ein arbeidstakar i Noreg (kome presis, gjere dei arbeidsoppgåver dei blir gitt, vise initiativ).
- Gir tydelege tilbakemeldingar om kva som går bra og kva som ikkje går bra, til både deltakar, lærar og prosjektleiar.
- bruker vedlagte læreplanpunkt i praksisen- så langt det let seg gjere ut frå kva premisser bedifta har, og kva arbeidsoppgåver bedifta kan tilby.

(sjå resten av avtala i leveransene i rapport til IMDi januar 2020 under "Praksisavtale")

Praksisrettleiarane i dei ulike bedriftene blei samla i fellesmøte i starten av kvart skuleår. Tilstades var også representantar for vertskommune, MAFOSS, NAV og skule. Her blei ma kompetanseområda i Læreplanen delt ut, ein tok opp relevante spørsmål knytt til kultur og språk og ein hadde mindre økter med erfaringsdeling frå kvardagen ute i bedriftene. Praksisplassane som blei rekrutterte, var til dels nokså ulike mtp produksjonsområde, arbeidsoppgåver etc, men ein prøvde å finne fellespunkt der rettleiarane kunne profitere på kvarandre sine erfaringar både frå dette prosjektet, men også elles mtp opplæring i bedrift.

Nokre av bedriftene brukte etterkvart eit skjema der ein i tabellform satt saman punkt frå læreplanen og dei konkrete arbeidsoppgåvene deltakaren fekk jobbe med i bedrifta. Dette skulle sikre progresjon og relevans knytt til det faglege, og skulle styrke ei organisert opplæring. Ei oppfølging frå skulehald skulle sikre at det ei bedrift evnt. ikkje kunne bidra med mtp kompetanseområda, måtte ein ta igjen i

klasserommet (sjå leveransene i rapport til IMDi januar 2021 under "Skjema som knyt saman læringsmål skule/praksisplass")

Prosjektleiar har hatt ansvar for å vere med på oppfølging i bedriftene og har kunna følge opp potensielle utfordringar knytt til språk, kultur og systemforståing. I bedrifter der det har vore vanskar med td presist møte, mykje telefonbruk, mangel på initiativ etc, har ein hatt dialog både med deltakaren åleine og saman med bedrifta- dette i tillegg til faste møtepunkt der ma trivsel, oppmøte/fråver, språk og fagleg progresjon har vore tema.